

## **Høyring godsbåt Bergen-Gulen-Solund og Askvoll.**

Gulen formannskap har i møte i dag den 06.05.2021 handsama høyring ang. godsbåten Bergen-Gulen- Solund og Askvoll der fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding frå kommunane på behovet for godstransport, og forslag til korleis dette behovet kan løysast.

Gulen formannskap meiner at det er behov for ein båt som kan ta tunge og store kolli. Båten vert i dag brukt til frakt av store kolli til industri og til kraftfor til bønder på øyane våre. Dette er kolli som ikkje kan fraktast av ein lokal godsbåt, så alternativ iii er ikkje aktuell løysing for Gulen sitt vedkommande.

Gulen kommune meiner det er behov for ein godsbåt også i framtida, og vil gå inn for alternativ ii VLFK vidarefører ordning tilsvarande dagens ordning. Helst 3 dagar for veka, men dersom fallande mengd gods kan vi akseptere ein reduksjon til 2 dagar for veka.